



Topptur – Hengjefjell, Valle



Dette er den einaste toppen i Setesdal som gir deg heile tusen høgdemeter nedkøyring. Turen krev litt logistikk, og ein er avhengig av to bilar. Den eine parkerast på botnpunktet Løyland, og den andre køyrast til startpunktet på Berg. Ved Løyland er det tillate å parkere inne på tunet på garden Graver. På startstaden bør du parkere på Berg, då du vil tene nokre ekstra høgdemeter på det. Derifrå får du ein tur med jamm stiging, heilt til du kjem til ryggen ved Hengjebui opp mot Hengjefjell. Her vert terrenget brattare og litt meir krevjande. Etter den siste oppstiginga er du på toppen av Hengjefjell, kor du får ei fantastisk utsikt utover vakre Setesdal. Ønsker du å köyre nøyaktig tusen høgdemeter, går du heilt til topps. Her er terrenget slakt og kan ofte by på litt staking. Er du mest opptatt av nedkøyringa, går du på feller bort til det området kor terrenget vert brattare.

Den beste linja finn du langs bekken Flossi. Hald god avstand frå Rindebakken, sidan det ofte går fleire skred her i løpet av sesongen. Flossi er ei nedkøyring som passar for folk i alle aldersgrupper. Ønsker du ei brattare og meir utfordrande nedkøyring, kan du velje linja langs Skullevassebekken, som ligg lengre nord. Begge turane egnar seg best på god og kald vintersnø.



This is the only summit in Setesdal which offers a descent of one thousand height metres. Some logistic planning is required, however, including the use of two cars: one to be placed at Løyland, the destination point; the other one for getting to Berg, the starting point. At Løyland parking is allowed in the yard at the farm called Graver. At the starting point, parking at Berg is recommended, as you will gain some additional height metres. From there the ascent is gradual, until you reach the mountain ridge at Hengjebui on your way to Hengjefjell. Here the terrain gets steeper and somewhat more challenging. After the final ascent you have reached the summit of Hengjefjell, with magnificent views of the beautiful valley of Setesdal. If exactly one thousand height metres is your goal, make your way to the top. The terrain is very gentle here, and you may need to use your ski poles to pick up speed. If you are most interested in the descent, put skins under your skis and find the perfect starting point in steeper terrain.

The best line is along the stream Flossi. Keep a good distance to the Rindebakken mountain, a place with substantial avalanche risk (several times each winter). Flossi is a descent which is suitable for people of all ages. If you want a steeper and more challenging alternative, you may choose the line along the stream Skullevassebekken further north. Both these randonnées are preferably done during nice and cold winter conditions.

WGS84

START: 59.191713, 7.50246

TOPP: 59.206349, 7.430019

SLUTT/END: 59.243963, 7.464266

PARKERING / PARKING

START: Berg

SLUTT/END: Ved Løyland er det tillate å parkere inne på gardstunet, på garden Graver, framfor å parkere på vegen da det kan gjøre det vanskeleg å komme forbi for andre bilar.

At Løyland parking is allowed in the yard at the farm called Graver. This is a more convenient solution than parking along the road, which may make passing difficult for other vehicles.

HØGDEFORSKJELL / VERTICAL DROP

1000 m

HIMMELRETNING / ORIENTATION

Nordøst / North east

LA OGSÅ NEDTUREN BLI TIL EIN OPPTRUR

Tenk tryggelik og gjer trygge løypeval. Rutealternativa våre er berre til vegleiing. Du må lese terrenget nøyde, og velje tur og spor etter tilhøva den aktuelle dagen.

All ferdsel er på eige ansvar.

FIND THE PERFECT LINE

Think safety when choosing a line down the mountain. Our suggestions are just recommendations. Read the terrain carefully, and consider the actual snow and weather conditions. You are responsible for your own safety.

NYTTIGE NETTSIDER / USEFUL WEBSITES

skredkart.ngi.no / App: Bratt
varsom.no

UTGJEVAR / PUBLISHER

Visit Setesdal
post@setesdal.com / www.setesdal.com





Topptur – Hengjefjell, Valle

